

Oppsummering gruppearbeid *Seminar om utvikling av nye nettsider og digital formidling, Biblioteksjefmøtet 5.6.2014*

Totalt 3 grupper med 17 deltakere.

Stikkord frå oppsummeringa:

- Brukaren i sentrum, nettsidene skal vera brukarvennlege.
- Biblioteka vil involverast i prosessen!
- Viktig å behalde lokal identitet.

Oppsummering

Spørsmål 1:

- a) Kva innhald og informasjon er viktig å ha på ei biblioteknettside?
- b) Set opp ei liste med den viktigaste informasjonen som må vera på fyrstesida til ein biblioteknettstad? (Maks 5 ting).

Svar:

På dette spørsmålet har gruppene har svart mykje det same. Dei fleste seier at det bør vera minst mogeleg på nettsidene. Namn og eventuelt logo skal vera med. Elles bør det vera opningstider/kontaktinfo/Søk i katalogen/Mine sider og lenker til andre stader for å få bloggar, nyheiter, inspirasjon, anbefalinger og arrangementskalender. To av gruppene vil også ha arrangementskalendar på fyrstesida, og ei vil ha lokalt innhald. Ei av gruppene forslår også kontaktinfo for dei tilsette, gjerne med bilete.



Spørsmål 2:

- a) Kor dynamisk bør biblioteknettsider vera? Skal det vera endring ofte, eller bør sida vera statisk?
- b) Korleis kan sosiale medium vera med å fylla dynamikken i nettsidene?

Svar:

Gruppene er eintydige i svare sine her også. Generell informasjonen som mine lån/sjølvetjening, søk, opningstid og kontaktinfo bør vera statisk, elles bør det vera dynamiske sider. Gruppene meiner at ved å integrere sosiale medium gjer dei sidene dynamiske. Arrangementskalender er også eit dynamisk element på nettsida. To av

gruppene meiner at sosiale medium kan bidra til å marknadsføre nyheiter og arrangement.

Spørsmål 3:

- a) Er det hensiktsmessig å ha felles nettsider for fleire bibliotek, til dømes for alle biblioteka i eit fylke?
- b) Diskuter dykk fram til tre argument for, og tre argument mot.

Svar:

- a) Her er det berre den eine gruppa som har svart på del a). Dei meiner at det er ein stor fordel å få felles nettsider for alle biblioteka i et fylke. Dei foreslår ein tilsettblogg i forhold til inspirasjon. Dei påpeikar også at me må vera obs på lesbarheita av nettsidene og at me må tenkje på universell utforming.

b)

For:

- Ressursvennleg
- Profesjonelt
- Gjenkjenneleg ved flytting
- Spare tid og ressursar lokalt
- Oppdaterte sider
- Utgangspunkt i Deichmanske
- Heilheitleg oversikt
- Merkevarerbygging lettere med felles logo – men bør være på et nasjonalt plan
- Arbeidsbesparende med felles løysinger.

Mot:

- Ein mistar lokalt perspektiv
- Lånar er mest interessert i seg sjølv, ikkje i det enkelte bibliotek
- Mister eigarskap
- Kva slags veg skal lånar gå via nett til eige bibliotek – minst mulig klikk.
- Kva treng me egentleg?
- Kva vil kommunen si?
- Mindre eigarskap
- For generelt
- Kva med websøk, kan me ikkje berre utvikle det? Legge inn kalender/aktiviteter der?

Det må vera lokal tilpassing og eigarskap. I tillegg må det vera ein inngang på kommunen si side til biblioteket si nettside, og ei lenke frå biblioteket si nettside til kommunen si nettside.



Spørsmål 4:

- a) Kor langt bør eit eventuelt samarbeid på tvers av kommunar/fylke gå når det gjeld felles nettsider?
- b) Korleis kan ein på best mulig måte drifte nettsider saman med andre bibliotek, og kva rolle bør fylkesbiblioteket ha i dette arbeidet?

Svar:

- a) Felles design på statiske element – dette er det problem med i dag sidan sidene ligg under dei kommunale nettsidene. Brukarane og dei tilsette har ikkje same interesser. Brukarane opplever lokale nettsider, medan dei tilsette veit at dei er felles. Brukarane brukar ikkje portalar og hierarki, dei søker!

Ei anna gruppe foreslår at det bør vera ein grovmal frå fylket, med lokal tilpassing. Dei ynskjer nasjonalt samsøk på ei side + anbefalinger frå Deichman + lenkjer til bloggar frå Tromsø. Me må ikkje gløyme andre infokanaler, ikkje alle er på nett. Det viktigaste er at me set brukaren i sentrum.

Samarbeidet vil sikkert variere i forhold til tema, men det er viktig med dialog! Viktig å utarbeide ein felles plattform for samarbeidet.

- b) Ei gruppe har svart at fylkesbiblioteket bør administrere samarbeidet. Dei andre har ikkje svart på dette skriftleg, men det har blitt ytra ynskje frå fleire om at fylkesbiblioteket tek seg av administreringa, men at biblioteka blir involvert i prosessen.